

Flest etterlyser trådlaust nettverk

15.11.2010



Båtlaghuset har sine manglar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterlysing av trådlaus nettverk-dekning i båthamna er den kritiske merknad som går oftast att på spørjeskjemaene frå sist sommar.

7 av dei 58 som har svara har med denne merknaden og dei fleste av dei har budd på Øyro.

- Kvifor seier oppslag på Bålaget sitt hus at her er trådlaust nettverk, er eit av spørsmåla som blir stilt.

Andre kritiske merknader gjeld i stor grad toalettanlegget. Her etterlysast mellom anna betre kapasitet på vaskemaskin og tørkerom og det blir påpeika at viftene på toalett og dusj er meir eller mindre defekte. Det manglar toalettpapir, tørkerull og såpe, skriv ein, og ein annan går inn for å separera dame- og herretoalett. Speil på badet der dusjen er blir etterlyst og ein danske peikar på at vaskemaskinforklaring er berre på norsk.

Denne turisten nevdar forresten at hamna ikkje er førebudd på utanlandske gjester og opplyssar at han ikkje har sett nokon kontaktperson på 2 dagar.

Ein av gjestene strekar under at det ikkje må vera slik at man kan reservere plassar - det må vera "først til mølla" som gjeld.

Men det er altså stort sett positive kommentarer om tilbodet i Uskedalen....

Av Ola Matti Mathisen